



Alle i Bykle kommune

Vår ref:
2024/557-2

Sakshandsamar:
Eivind Ilje Tveit
Eivind.Ilje.Tveit@bykle.kommune.no

Dato:
25.10.2024

Høyring - Rusmiddelpolitisk handlingsplan Valle og Bykle kommunar 2024 - 2027 og Alkoholpolitiske retningslinjer for Bykle kommune 2024 - 2027

Handlingsplan og retningslinjer vert med dette sendt til ut til høyring. Innspel til dokumenta kan sendast til postmottak@bykle.kommune.no. **Svarfrist for høyringsinnspel er 15.11.24.**

Den nye rusmiddelpolitiske handlingsplanen gjeld altså for både Bykle og Valle, mens dei alkoholpolitiske retningslinjene som vart lagt fram i denne høyringa berre gjeld Bykle. Valle sin «Alkoholpolitisk handlingsplan 2024 – 2027» (tilsvarande alkoholpolitiske retningslinjer) er allereie vedteke.

Ny rusmiddelpolitisk handlingsplan for Valle og Bykle

Alkoholova § 1-7d pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Det er naturleg å sjå alkohol- og narkotikapolitikken i samanheng, mellom anna fordi tidleg alkoholdebut aukar risikoen for narkotikabruk. Helsedirektoratet tilrår at kommunane utarbeider heilskaplege rusmiddelpolitiske handlingsplanar som inkluderer dei alkoholpolitiske planane. Dette vart fylgt opp i Interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan for Setesdal 2020-2023, og er nå vidareført med denne revisjonen - Rusmiddelpolitiske handlingsplan for Valle og Bykle kommunar 2024-2027.

Handlingsplanen inneheld utfordringsbiletet, samt mål og tiltak for kommunane sitt arbeid med å redusere skadeverknadane av rusmiddelbruk.

Nye alkoholpolitiske retningslinjer for Bykle

Alkoholpolitiske retningslinjer for Bykle kommune skal gje rammer for handsaming av saker etter alkoholova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande oversyn over kva som vert lagt til grunn ved handsaming og vedtak i slike saker. Kommunen skal forvalte tildeling og oppfølging av sal- og skjenkeløyve på forsvarleg måte. Dokumentet er kommunen sine retningslinjer for handsaming av sals- og skjenkeløyver og er bindande for all sakshandsaming av søknader om sals- og skjenkeløyver.

Utkastet til alkoholpolitiske retningslinjer lagt ved denne høyringa er laga på grunnlag av tolkingar og presedens av tidlegare års retningslinjer og gitte løyver. Det har òg vore mykje «kan» og «bør» setningar i retningslinjene, i høyringsutkastet er dette i utstrakt grad klarare etter korleis søknader i har vore handsama. Dei førre retningslinjene inneheld òg mykje tekst direkte frå alkoholovgjevinga – som no er fjerna for å gjere dokumentet mindre og meir oversiktleg på kva som er lokal politikk. Alkoholovgjevinga vil alltid liggje til grunn.

Bykle kommune har no 9 stader med skjenkeløyve, 3 butikkar med salsløyve og eit Vinmonopol. Det vart gjeve 1 prikk på skjenkeløyve i førre periode.

Med helsing
Bykle kommune

Kjetil Juva
kommuneoverlege

Eivind Ilje Tveit
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og vart sendt utan underskrift.

Vedlegg

- 1 Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Bykle og Valle kommunar 2024-2027.docx
- 2 Alkoholpolitiske retningsliner for Bykle kommune 2024 – 2027 - høyringsutkast